



Ei skøyte som har lege ved Sandakaien dei siste dagane har fått mange fortente og positive kommentarar.

Ho inngår utan tvil i samlinga av verneverdige båtar som også er teke godt hand om..

- Ho skriv seg heilt frå 1937, fortel Ragnar Vågen frå Åkra, som er ny eigar av båten. No heiter den Sjøbris sjølv om namnet som står å lesa på styrehuset er Hammerfisk.

Det heitte den før.

Vågen har kjøpt klenodiet av Hammerø på Sunde for oppussing og restaurering og skal nytta båten til det han kallar nostalgiske turar på Åkrafjorden. Han strekar under kor viktig det er å ta vare på kystkulturen vår. Ikkje alle har same omsorgen og omtanken for gamle båtar.

(Foto: Ola Matti Mathisen)